



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Marit Lunde
Telefon: 57643005
E-post: fmsfmlu@fylkesmannen.no

Vår dato
12.06.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/3429- 321
Dykkar referanse

Kommunane i Sogn og Fjordane

Akuttberedskap i kommunalt barnevern - utlysning av tilskot

Fylkesmannen sette av til saman ca. 3,9 mill. kroner i 2017 til kommunale fornyingsprosjekt. 3 202 000 kroner av desse vart delt ut til ulike fornyingsprosjekt i fylket. Det vart samstundes varsla ein ny utlysingsrunde for dei kommunane som ikkje fekk sendt inn søknad om midlar til etablering av akuttberedskap i barnevernet.

I april gjennomførte Fylkesmannen eit møte med alle kommunane der både barnevernsleiarane og kommuneleiinga var invitert. Barne-, ungdoms og familiedirektoratet hadde eit innlegg på samlinga der dei la fram forventningar dei har til kommunane når det gjeld kompetanse og vaktordningar utanfor kontortid, og ansvar og organisering av tenesta. Vi viser og til brev dei sende kommunane 11.06.2016. Søknader om fornyingsmidlar frå kommunane må byggje på desse forventningane og kriteriar i brev.

Vi har tildelt midlar til akuttberedskap i barnevernet til 3 prosjekt i fylket, som omfattar 12 kommunar:

Flora, Gaular, Førde, Jølster og Naustdal kr 217 000.

Gloppen, Eid og Stryn kr 140 000.

Sogndal, Balestrand, Leikanger og Luster kr 120 000.

Vi oppmodar kommunar som ikkje har motteke støtte tidlegare, om å søke på dei resterande midlane. Restbeløp til utdeling er ca. 700 000 kr.

Dersom det er midlar til overs, vil vi vurdere å gje meir til dei kommunane som alt har fått støtte. Dei treng ikkje søkje på nytt, vi vil ta kontakt om vi treng fleire opplysningar.

Søknadsfrist er **1. september 2017**, og søknaden må sendast inn via databasen for prosjektskjønn.

Informasjon om tildelinga og framgangsmåte for innsending finn de på våre heimesider:
<https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunal-styring/Kommunal-fornyning/>

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.